

# Dei fyrste symaskinene i Folldal

av Kirstine Prestmoen Tallerås

Når den aller fyrste symaskina kom til Folldal, veit me ikkje for visst, men eit par årsatall har me å halda oss til:

I 1884 da Maria Syversdtr. Eie var 17 år, vart ho sendt til Trondheim for å læra å saume på maskin. Da ho drog heim att åt Folldale, kjøpte ho med seg ei symaskin. Ho skulle få skyss med ein folldøl som hadde lass frå byen. Men lasset var så tungt lasta at Maria måtte lova å bera symaskina sjøl i alle motbakkane. Det vart nok ein dryg tur heim.

Fyrst i 1880-åra tente Guri Olesdtr. Brennryen frå Folldal på Kvikne hjå Sand på Vollan gard. Da ho kom heimatt i 1886-87 for å gifta seg til Øvre Uppistugu Dalen, hadde ho fått med seg ei symaskin frå Vollan som ho hadde fått i løn.

På Midt-Øien i Atndalen er det ei gamal eintråds-symaskin Symaskina skal vera frå før 1888. Han som kjøpte Midt-Øien det året, Per Oleson Midt-Øien frå Elgvasslien hadde tidligare vore styrar ved Dalen Forbruksforening på Dalholen og maskina er truleg frå butikktida. «Per på Bu'n» hadde nok kontakt med symaskinagentane.

## Ein symaskinagent og reparatør

Eirik O. Tallerås (1870-1930) i Dalgardsgrenda var symaskinagent. Han handla med Grover & Baker og Singer. Eirik for omkring i heile bygda og tinga bort symaskiner. Petra Dalløkken f. Dalåsen (f. 1875) hadde ei gamal symaskin av merket Grover & Baker. Ho var av dei fyrste som hadde maskin og fleire kjerringar kom til Petra for å låna maskin. For som ho Beret Høyslåen sa: «Eg lyt åt o Petra for å såme langsåman». Laura O. Tallerås f. 1872 hadde også ei slik maskin.

Eirik Tallerås var også symaskinreparatør, og mang ei ugrei



Syerske Maria Justsdtr. Kornkveen (1876-1900)

maskin er nok blitt vøla av han. Men ein gong held han på å gå i beit. Han fekk inn ei maskin som han strevde skrekkeleg med. Både mor hans og Laura-syster meinte at denne fekk han aldri til. Eirik strevde så sveitten rann oppi verkstaden sin, ei lita stugu på garden. Han la nok i ein kruse eller to, han var kjend for det Tallerås'n. Dessuten var han så «kring» til å tala (tala fort). Men etter mykje strev, lukkast det endeleg! Han vart so gild at han skunda seg inn til kvinnfolka og skulle syna resultatet. Kvinnfolka hadde nett vaska golvet i gangen, men det såg ikkje Eirik. Han stupte og slo sund den nyreparerte symaskina! Men da var han ikkje nådig: «Helvetes kvinnfolk, døm gjer'kje anna hell slabbe og vaske, slabbe og vaske».

### Skreddarene gjekk i lære, jentene på syskole

Frå gamalt var det mest mannlege skreddarar. Med symaskina ser det ut til at jentene kjem meir med i yrket, også som karskreddarar. Det vart arrangert syskole for interesserte, og etter gamle bilete å dømme, var det berre jenter som har gått på desse kursa. Gutar som ville bli skreddarar, gjekk i lære på tradisjonelt vis med å vera med eldre, røynde skreddarar. Døme på dette er Ola H. Stålom som kring 1900 var med ein gamal skreddar på Dovre, Pål Tallerås (Øyom) rundt om på gardane og sauma. Ola Stålom gjekk berre i lære på Dovre, svennebrevet tok han hjå ein skreddar på Alvdal.

### Skreddarar/syersker i Folldal

Til slutt tek eg med ei liste over skreddarar og syersker som me kjenner til frå Folldal. Me set dei opp etter alder. Dei eldste av desse sauma utan maskin, dei skredderte i den tida alt vart gjort for hand. Nokre av kvinnfolka vart også kalla skreddarar, dvs. dei drev med karskreddering, sauma dressar, trøyar m.m. Dei som sauma mest kvinnfolk- og barneklede, vart kalla syersker.

Skreddarar:

1. Ola Paulson Frisvold f. Lishaugen, Dovre (1772-1842)
2. Ola Skreddar, Vetl-skreddar'n: Ola Frisvoll (1797-1871) Son til nr. 1.
3. Per Syar: Per Estenson Lien (Trondsgård) (1797-1871) Per



Syskule sist i 1890-åra:

F.v.: 2. Mari Sivertsdtr. Husom g. Tallerås f. 1881, 3. Maria Haldosdtr. Holen, Grimsbu (Frammistuggu) f. 1880, til USA 10. okt. 1902. 5. Marit Arnesdtr. Steien, Alvdal f. 1878, gift 1. g.: Øyen, Alvdal, gift 2. g.: Kakelløyen, Grimsbu.

Er det noen som kjenner flere her?

var vank og brukte krykkjer. Når han gjekk frå gard til gard og sauma, drog han persejønnet etter seg.

4. Hans Hanson Eide f. 1830. Budde på Stålom og på Åsagarden. Til USA 1889.

5. Mari Olesdtr. Frisvoll g. Brennryen (1831-1918) Dotter til Vetl-Skreddar'n.

6. Skreddar-Iver: Iver Iversen Dallykkja (1839-1917)

7. Ola Anderson Bekken, Lillekroken (1858-1940)

8. Eirik Oleson Åkre (1863-1954)

9. Hans Toreson Thompson (1868-1969)

10. Ingebrigt Iversen Dallykkja, Morken (1876-1963) Son til Skreddar-Iver.

11. Ola Hansson Stålom (1878-1926)

12. Gunder Mikkelson Plassen (1881-1951) Gjekk i lære hjå Ola Lillekroken.

13. Oleanna Kristoffersdtr. Ryen (1892-1964)

Me tek med nokre yngre skreddarar og, for skreddaryrket er borte:

14. Iver Knutsen (1894-1978)

15. Ola Moseng f. 1898

16. Ole Kjøllmoen f. 1899

17. Olav H. Brendryen f. 1911. Gjekk i lære 4 vintre då han var 17 år hjå Ola Skrukstad på Dovre.

Hans Vangen sauma bremskjoldhuver og snøsokker.

Syersker:

1. Kari Olesdtr. Simenstad f. Bergejordet, Dovre (1854-1939)  
Kari sauma på Hjerkingarden kring 1884-85.

2. Maria Syversdtr. Eie g. Trondsgård (1867-1940) Kjøpte symaskin 1884.

3. Mari Syversdtr. Husom g. Tallerås (1871-1959) Gjekk syskole i 1890-åra.

4. Ingrid Bersvennsdtr. Støen (1875-1959)

5. Petra Ellandsdtr. Dalåsen g. Dallykkja (1875-1969)

6. Maria Justsdtr. Kånnkveen, Atndalen (1876-1969)

7. Karethe Estensdtr. Brandsnes g. Flyen (1876-1969)

8. Mille Jørgensdtr. Streitlien g. Lange (1880-1957)

9. Tora Iversdtr. Nystuen (1900-1954)

10. Mari Henriksdtr. Brennryen g. Nyhus (1899-1964)

Her tek me med berre eldre syersker. Om det finst fleire skreddarar og syersker vil me gjerne få vita det.

---

Vær forsiktig med gamle papirer!

Kan du ikke lese dem, kanskje vi kan hjelpe deg. Vi er dessuten interessert i å få kopier til vårt arkiv av brev, dagbøker, regnskap, kontrakter m.m. Kontakt det lokale muséet eller Musea i Nord-Østerdalen, Tynset, tlf.: 064/80870.

---